

Gode medlemmer!

Vi har, som fleire har fått oppleve, funne **vår nye stamkafé..**



Vinteren er snart på hell, det ljosnar litt for kvar dag, og då er det tid for å møtast att på stamkafeen. Sogn og Fjordanelaget inviterer til uformell samling på

Erketunet gardsbakeri – onsdag 11. mars ²⁰²⁶ kl. 14.30–17.00.

Stad: Tordenskjolds gate 12 (der Rosenkrantz gate munnar ut på Rådhuspl.)

Erketunet gardsbakeri er ein romsleg og triveleg kafé med bakeriutsal.
Ny i Oslo i 2023, nyttar nynorsk og med opphav i Jølster og Førde.

Mange frå Sogn og Fjordanelaget har vore med på samlingane der sist haust.
Vi som har vore der, kan trygt anbefale Erketunet og baksten deira.

Erketunet er lett å finne: Gå på sjøsida av Rådhuset – mot Akershus festning – andre kvartalet etter Rådhuset, då finn du Erketunet gardsbakeri.

Det hadde vore kjekt om *DU* òg tok turen dit **onsdag 11. mars!**

Sogn og Fjordanelaget i Oslo

Anny Sollid,
lagsleiar